

28/08/2026

Infoskriv hjortejakten 2026

Bjørnafjorden kommune

Tysnes kommune

Samnanger kommune

Frå jaktstart 1. september 2026 er det ikkje tillate å bruke restlysforsterkande eller termiske siktemiddel ved jakt i Bjørnafjorden, Samnanger eller Tysnes kommunar.

Merk nytt kommunalt ettersøkslag i Bjørnafjorden aust og på Tysnes

Linda Hovde Nordås
BJØRNAFJORDEN LANDBRUKSKONTOR

Løyvetildeling

Løyvetildelinga er å rekna som eit enkeltvedtak og kan klagast på.

Løyvane for 2026 vart sendt ut kring 15. juni til alle valda.

Vi ber om at de vidareformidlar informasjonen i dette brevet til alle jaktfeltansvarleg(e) og jegerane i valdet.

Vald utan bestandsplan

Det vert nytta avskytingsprofil for reduksjonsfase frå den kommunale hjorteviltstrategiens ved løyvefordeling etter kjønn og alder.

Tildeling av fellingsløyve til vald utan forvaltningsplan skjer etter forskrift om forvaltning av hjortevilt § 21. Desse kategoriane vert nytta: Kalv, vaksne hodyr (1 1/2 år og eldre) Spissbuk (hanndyr 1 1/2 år) og vakse hanndyr (2 1/2 år og eldre).

Det vert minna om at det alltid kan skytast kalv i staden for vaksne dyr jf. forskrift om hjorteforvaltning § 18 fjerde ledd.

Fellingsavgift og rapporteringsplikt

Fellingsavgift vert betalt for felte dyr. Kommune sender rekning på grunnlag av fellingsrapporten som valda leverer etter jakta.

Bjørnafjorden:

Ny forskrift som inkluderer fellingsavgift er framleis til politisk behandling. Inntil eventuelt nytt vedtak er gjort, gjeld satsane frå 2025, sjå tabellen under.

	Utan bestandsplan	Med bestandsplan
Voksen hjort	Kr 330,-	Kr 250,-
Kalv	Kr 100,-	Kr 50,-

Satsane for fellingsavgift kan endrast ved politisk vedtak. Nye satsar vil gjelde frå tidspunktet forskrifta blir kunngjord på Lovdata, eller frå den seinare datoen som eventuelt blir fastsett i vedtaket.

Det vil bli sendt ut informasjon til valdleiarar når det er fatta vedtak i saka, og dersom nye satsar blir vedtekne og sett i kraft.

Tysnes:

Ny forskrift om opning av jakt, minsteareal og fellingsavgift for hjort. Forskrifta trådde i kraft 1. juli 2026 og erstattar tidlegare forskrift frå 2019. Opning av jakt på hjort og minstearealet på 300 dekar er

vidareført frå tidlegare forskrift. Den viktigaste endringa er at fellingsavgifta no er fastsett i forskrifta.

Forskrifta regulerer korleis fellingsavgifta skal bereknast, og gir lågare satsar for vald med godkjend bestandsplan enn for vald utan bestandsplan. Fellingsavgifta vert fakturert av kommunen etter endt jaktår på grunnlag av innsend fellingsrapport.

Forskrifta kan lesast her:

<https://lovdata.no/dokument/LF/forskrift/2026-06-16-1552>

	Maksimal sats	Utan bestandsplan	Med bestandsplan
Voksen hjort	Kr 520,-	Kr 416,-	Kr 260,-
Kalv	Kr 310,-	Kr 248,-	Kr 93,-

Samnanger:

Ny forskrift som inkluderer fellingsavgift er framleis til politisk behandling. Inntil eventuelt nytt vedtak er gjort, gjeld satsane frå 2025, sjå tabellen under. Det er dei same satsane som er lagt fram for politisk handsaming. Informasjon vil sendast valdleiarar.

	Utan bestandsplan	Med bestandsplan
Voksen hjort	Kr 330,-	Kr 250,-
Kalv	Kr 100,-	Kr 50,-

Rapportering skal skje seinast 14 dagar etter jakta sluttar og fortrinnsvis elektronisk via sett og skutt appen eller www.hjorteviltregisteret.no.

Ved levering på papirskjema må dette vera kommunen i hende seinast 14 dagar etter jakta sluttar.

Søknad om kvotefri jakt på hjortekalv

[Alle vald kan søkje om kvotefri jakt på hjortekalv ved å trykkje på denne lenkja.](#)

For dei det gjeld er det òg mogleg å søkje per brev til kommunen.

Kontaktinformasjon valdsansvarleg

Husk å sende inn ny valdsansvarleg kontaktinformasjon ved bytte av valdsansvarleg.

Kontaktinformasjonen sendast til:

landbrukskontoret@bjornafjorden.kommune.no.

Ettersøk

Det er viktig at det vert utført grundige ettersøk. Ved utløpet av første dag **skal** ein kontakta kommunen og varsle dersom ettersøket er resultatlaust.

Kontaktinformasjon til kommunen: 970 07 232.

Send SMS om ein ikkje kjem gjennom på telefon.

Meldinga skal minimum innehalda opplysningar om: kva saka gjeld, jaktområde, jegernamn og mobilnummer.

Bruk av kunstig lys

Etter § 26 i den nye viltressurslova vert all bruk av lyskjelder som gir synleg lys forbode frå 1. juli 2026, dersom ikkje anna følgjer av lov eller forskrift.

Unntaket ligg i Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst, § 29a. Tillatt bruk av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler, 5. og 6. ledd:

Synlig lys kan benyttes ved den umiddelbare undersøkelsen av og rundt skuddstedet. Dette gjelder ikke ved kvotejakt og skadefelling av gaupe eller ved felling av jerv, bjørn og ulv med mindre noe annet følger av forskrift eller enkeltvedtak.

Synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved ettersøk av påskutt hjortevilt, villsvin og rødrev. Jegeren har bevisbyrden for at påskytingen er lovlig, og skal varsle grunneieren, politiet og kommunen om bruken av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler før ettersøket tar til. Dersom varslingsgrad i vesentlig grad vil forsinke ettersøket, kan begrunnet melding om slik bruk sendes samme instanser umiddelbart etter avsluttet søk.

Kontaktinformasjon

Kommunen tlf.: 970 07 232, send SMS

e-post:

landbrukskontoret@bjornafjorden.kommune.no

Politiet i Vestland tlf.: 02800

Manglande mobildekning

Dersom varsling av nemnde instansar ikkje er mogleg utan at ettersøket blir forseinka vesentleg, kan ein melda frå direkte etter at søket er avslutta. Dette berre ved vanskelege forhold som manglande mobildekning.

Ettersøkshund

Jegerar og jaktlag skal ha tilgang til godkjent ettersøkshund når dei jaktar på hjort. Tilgangen på ettersøkshund skal vera sikra gjennom skriftleg avtale.

[Informasjon om ettersøkshund, ekvipasjer og ettersøksavtale finn de ved å trykke her.](#)

Kommunen kan krevja at jeger dokumenterer tilgang til godkjent ettersøkshund. Både før og under jakta.

KOMMUNALT ETTERSØKSLAG

MERK AT DET ER NYTT ETTERSØKSLAG FOR BJØRNAFJORDEN ØST OG TYSNES.

[SAMNANGER OG BJØRNAFJORDEN VEST:](#)
ETTERSØKSRINGEN FOR OS, SAMNANGER OG BERGEN: 907 73 117

[BJØRNAFJORDEN ØST OG TYSNES:](#)
MIDTHORDLAND ETTERSØKSLAG: 993 35 000

Sett og skote


Jegerane sine observasjonar av hjort under jakta er viktig for ein god overvaking og forvaltning. Ver derfor nøye med å fylle ut ein jaktdag for "sett hjort" kvar dag, også dei dagane jaktlaget jaktar utan å sjå hjort.

Det blir oppmoda til bruk av elektronisk utfylling av sett og skotne dyr for rask og enkel føring med ein gong.

Valdsansvarleg skal informera jaktfeltkontaktar og/eller jegerar om elektronisk utfylling av sett-hjort. Rapporteringa skal skje på jaktfeltnivå. Jaktledar er ansvarlege for registrering av sett hjort-data, og kan overlate til ein annan i jaktlaget å fylle ut skjemaet. Jaktfelta bør avtale før jakta korleis dei gjennomfører dette. Dersom elektronisk utfylling ikkje er mogleg kan skjema skrivast ut frå www.hjorteviltregisteret.no.

Nytt for 2026

Bruk av termiske siktemiddel skal registrerast i Sett og skote ved felling, uavhengig av om kommunen har opna for slik bruk gjennom lokal forskrift eller ikkje.



Kom i gang med «sett og skutt» digitalt

Sett og skutt er ikkje lengre ein app, men ei nettside, du kan lasta ned settogskutt.no som ein «app» på telefonen ved å installera sida på telefonen her: www.settogskutt.no. Sida skal kunne nyttast med og utan internett etter at du har registrert deg første gong.

Slaktevekt

Slaktevekt er eit viktig hjelpemiddel saman med sett og skutt data når me skal evaluera utvikling i bestandar over tid.

Slaktevekt registrerast digitalt i sett og skutt eller på papirskjema.

Vedlegg: Rettleiar til elektronisk utfylling ved bruk av nettsida, samt skjema for sett og skote og slaktevekt.

Statistikk

De kan sjå statistikkar frå sett-hjort registreringane dei siste åra ved å gå inn på www.hjorteviltregisteret.no. Her kan de sjå statistikkar for vald, kommunar og fylke i heile landet.

Valdsansvarleg

Valdsansvarlege skal kontrollera og godkjenna dei felte dyra.

*Valdsansvarlege kan sjå informasjon om alle felte dyr i eige vald.
Godkjende data blir ein del av den nasjonale statistikken.*

Elektronisk fellingsrapport

Det er ønskeleg at det nyttast elektronisk rapportering. Ring kommunen ved behov for hjelp til elektronisk utfylling. **Rapportering skal skje seinast 14 dagar etter jakta sluttar.**

1. Gå til fanen «Rapportering» og vel menypunktet «Elektronisk fellingsrapport».
2. For at knappen «opprett fellingsrapport» skal bli grøn, må alle data for valdet vera ferdigbehandla.
 - a. Alle jaktdagar og felte dyr må vera godkjent.
 - b. Alle jaktfelt må vera sett som ferdig.
3. Tala i fellingsrapporten er henta frå felte dyr som jeger eller valdsansvarlege har registrert. Korrigjer om nødvendig, t.d. ved flytting av dyr mellom vald i bestandsplanområde.
4. Trykk "Godkjenn elektronisk fellingsrapport" for å senda fellingsrapporten.

KOMMUNALT ETTERSØKSLAG

MERK AT DET ER NYTT ETTERSØKSLAG FOR BJØRNAFJORDEN ØST OG TYSNES.

[SAMNANGER OG BJØRNAFJORDEN VEST:](#)

ETTERSØKSRINGEN FOR OS, SAMNANGER OG BERGEN: 907 73 117

[BJØRNAFJORDEN ØST OG TYSNES:](#)

MIDTHORDLAND ETTERSØKSLAG: 993 35 000

Teste fallvilt for skrantesjuke (CWD)

Det er ønskeleg at alle fallvilt av hjort over ett år eller eldre testast for CWD. Dyret blir testa for skrantesjuke ved at hjerneprøve og svelglymfeknutar blir sendt til Veterinærinstituttet for undersøking. [Informasjon om CWD, trykk her.](#)

Fallvilt i denne samanhengen er:

- Påkøyrd hjort
- Hjort funnen død i naturen
- Avliva utanom ordinær jakt

Dyr som har skrantesjuke blir ikkje friske. Den kommunale viltforvaltninga skal kontaktast når sjuk elg, hjort og rådyr vert observert.

Det er det kommunale ettersøkslaget som utfører denne prøvetakinga for kommunen. Ved funn av fallvilt kontakt det kommunale ettersøkslaget i ditt område.

Innlevering av underkjevar i 2026

Samnanger, Bjørnafjorden vest (gamle Os kommune) og Tysnes samlar i 2026 inn underkjevar frå felt hjort. For Samnanger og Bjørnafjorden vest skjer dette gjennom det nasjonale overvåkingsprogrammet for hjortevilt, medan Tysnes deltek gjennom eit eige prosjekt i regi av Tysnes kommune over to år.

Leveringsstad

Kjevar skal leverast:

- Bjørnafjorden, Os jakt og fiskelag:
Ulvehiet, Ulvenvegen 343, kasse merka med "Kjeveinnsamling".
- Samnanger, Samnanger jeger- og fiskarlag:
Raunekleivvegen 30, i Hisdal, kasse merka med "Kjeveinnsamling".
- Tysnes, Tysnes jakt og fiskelag:
Teknisk drift, Uggdalsdalen 15, utanfor kontoret til Teknisk drift (i underetasjen i gamle sjukeheimen), kasse merka med "Kjeveinnsamling".

Dette må gjerast - kort oppsummert

1. Lever minst éin heil kjevehalvdel med alle framtennene (ta ut, flå og grovrens kjeven straks dyret er slakta).
2. Merk kjeven med utdelt merkelapp.

3. Tørk kjeven og pakk han i papirpose/papp.
IKKJE bruk plast.

Fullstendig beskriving av framgangsmåte:

<https://www.nina.no/var-forskning/alle-prosjekter/innsamling-av-materiale-fra-hjortevilt>

Merkelappar

Merkelappar kan hentast:

- Bjørnafjorden rådhus - måndag, tysdag og torsdag kl. 10:00 og 14:00
- Kommunehuset i Samnanger - kvardagar mellom kl. 09:00 og 15:00.
- Tysnes rådhus - kvardagar mellom kl. 09:00 og 15:00.

Registrering

Individdata og strekkodenummer skal registrerast i Hjorteviltregisteret, saman med sett og skote data.

Analyseresultat

Data og analyseresultat vert publiserte i Hjorteviltregisteret våren etter innsamlinga (vanlegvis før 1. juni). Overvakingsprogrammet publiserer også rapportar frå prosjektet på NINA si heimeside.

Det er viktig med god oppslutning for å sikre best mogleg kunnskap om hjortebestandane i området.

Kort om nytt og nyttig

Nytt regelverk frå 1. juli 2026

Ei oppsummering av dei viktigaste endringane i regelverket frå 1. juli 2026.

Merk at oversikta ikkje omfattar alle endringane i regelverket. Det er den enkelte jegeren sitt ansvar å gjere seg kjend med dei reglane som gjeld for eiga jaktutøving.

Her finn du oversikt over forskriftsendringane på viltområdet som trådde i kraft 1. juli 2026:

<https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2026-06-26-1380>

Ny viltressurslov trer i kraft 1. juli 2026

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2025-06-20-102>

Erstattar den tidlegare viltlova frå 1981. Dei fleste reglane for hjorteviltforvaltning er vidareførte, men lova inneber ei modernisering av regelverket og fleire endringar knytte til bruk av ny teknologi i jaktutøvinga.

Ved jaktleg ettersøk av påskote storvilt kan drone nyttast for å lokalisere skadde dyr. Kommunen, grunneigar og politi skal varslast snarast. Drone er berre eit supplement til ettersøkshund, og kravet om tilgang til godkjend ettersøkshund er uendra.

Det er framleis forbode å bruke synleg lys, restlysforsterkande og termiske siktemiddel, men det er opna for fleire unntak:

- Synleg lys kan nyttast ved den umiddelbare undersøkinga av og rundt skotstaden (gjeld ikkje gaupe, jerv, bjørn og ulv).
- Ved jakt på villsvin og raudrev i ope terreng eller ved åteplass er det tillate å nytte synleg lys, restlysforsterkande og termiske siktemiddel.
- Synleg lys, restlysforsterkande og termiske siktemiddel kan nyttast ved ettersøk av påskote hjortevilt, villsvin og raudrev. Kommunen, politi og grunneigar skal varslast før ettersøket tek til.
- Kommunen kan gjennom lokal forskrift opne for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i ope terreng når dette er nødvendig for å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser. Uten slik lokal forskrift er bruk av slike siktemiddel ikkje tillaten. Per i dag har verken Bjørnafjorden, Samnanger eller Tysnes vedteke forskrifter som opnar for dette. Sjå avsnittet om restlysforsterkande og termiske siktemiddel.

Hund:

- Maksimalt to hundar kan forfølgje same vilt samtidig (unntak for fuglejakt).
- Bruk av hundar som ved bitt held fast, skadar eller drep vilt er forbode under jakt og jakthundtrening. Unntak gjeld apport av påskote småvilt.

Felle fangst:

- Ved fangst med felle er det no krav om at fella skal vere merkt med jegernummer. I tillegg skal fella vere merkt med telefonnummer til kommunal viltstyresmakt. Endringa er innført av omsyn til både personvern og kontroll.
- Synleg lys kan nyttast ved avliving av vilt som er fanga i felle. Dette er tillate av omsyn til dyrevelferda.

Vi oppmodar alle valdleiarar og jegerar om å setje seg inn i det nye regelverket før jaktstart.

Restlysfosterkande og termisk siktemiddel

Etter [viltressurslova § 26](#) er slik bruk ikkje tillaten, med mindre kommunen har vedteke lokal forskrift som opnar for dette.

Per no har ikkje Bjørnafjorden, Samnanger eller Tysnes vedteke slike forskrifter. **Det betyr at bruk av restlysfosterkande og termiske siktemiddel ikkje er tillate ved jakt frå jaktstart 1. september 2026.**

Det har kome fleire spørsmål om regelverket for bruk av restlysfosterkande og termiske siktemiddel ved jakt. Forslag til lokale forskrifter har vore på offentlig høyring i Bjørnafjorden, Samnanger og Tysnes kommune. Høyringane er no avslutta, og sakene blir førebudde for politisk behandling med utgangspunkt i dei innkomne merknadene. Fram til eventuelle lokale forskrifter er vedtekne og har tredd i kraft, er det dei nasjonale reglane i viltressurslova som gjeld.

Bjørnafjorden kommune:
Kommunestyret 17.09.2026

Tysnes kommune:
Utval for landbruk og teknisk: 31.08.2026
Kommunestyret: 24.09.2026

Samnanger kommune:
Kommunestyret: 10.09.2026

Ny nasjonal Strategi for forvaltning av hjortevilt 2026-2030

Du finn den nye nasjonale strategien ved å [klikke her](#).

Ny hjorteviltstrategi i Samnanger

Det er no vedteke ein ny hjorteviltstrategi for Samnanger kommune. Strategien vart vedteken av formannskapet 4. juni 2026 og trer i kraft frå 1. juli 2026. Hjorteviltstrategien finn du her:
<https://bjornafjorden.kommune.no/landbrukskontoret/vilt-og-utmark/viltforvaltning/hjorteviltstrategiar-i-bjornafjorden-tysnes-og-samnanger/>

Strategien inneholder mål med hjorteviltforvaltningen, kunnskapsgrunnlag, bestandsstatus og utvikling, kommunale retningslinjer for organisering og valdstruktur, samd føringar for kommunalt viltfond.

Tysnes: Pilotprosjekt om smitte mellom hjort og småfe
Bjørnafjorden landbrukskontor i samarbeid med Veterinærinstituttet, NIBIO, NINA og Mattilsynet gjennomføre eit pilotprosjekt på Tysnes i løpet av jaktseasonen 2026.

Prosjektet skal undersøkje i kva grad parasittar og andre smittestoff vert utveksla mellom hjort og småfe i område med høg hjortetettheit og omfattande beitebruk. Målet er å auke kunnskapen om vilthelse, dyrevelferd, berekraftig beitebruk og samanhengen mellom hjort og husdyr på felles beiteområde.

Prosjektet vil mellom anna omfatte innsamling av prøvemateriale frå hjort på Tysnes. Målet er prøver frå 80 hjort og 80 småfe i 2026. Analyser av materialet vil foregå i 2027. Resultatene vil presenteres i en egen rapport.

Hvem – hva – hvor


Hvordan kan du som jeger bidra?

Det vil settes opp en feltstasjon ved Miljøstasjonen i Eredalen fredag-søndag 4.-6. september hvor jegere kan levere organer til prøveuttak.

Etter denne helga vil feltkontakter kunne kontaktast med ein SMS: 909 27 999

For å nå målet med prosjektet er det lagt opp til ei omfattande innsamling av prøvar frå formagar og tarmar. For nokre vil det vere enklast å ta med bukorgana til feltstasjonen, men feltkontaktane kan òg ta ut prøvar for deg på ein eigna stad (vege-stasjon, innmark osv.). Dette avtalar de nærare. GPS-posisjon for organa kan oppgivast til feltpersonell dersom det ikkje er mogleg å frakte dei vidare frå slakteplassen (til dømes ved nærleik til busetnad, veg eller innmark).

Ved henting i felt: Legg organa kjølig (anten i kjøleskap eller i skuggen) og pass på at åtseldyr ikkje får tilgang til dei. Dette kan gjerast ved å dekkje til innmaten. Organa kan ikkje vere meir enn to dagar gamle når prøvane blir tekne.



Prøveuttak

Følgjande prøver skal takast ut i prosjektet:

Organ	Mengd	Korleis
Løpemage og tynntarm	Heil løpe, samt den første meteren av tarmen som går ut frå løpemagen	Skjerast av og leggjast i eigen plastpose
Avføring	Ei stor neve	Leggjast i plastrøyr
Milt	Heil	Skjerast av og leggjast i eigen plastpose
Lever	Heil	Skjerast av og leggjast i eigen plastpose

Nytt prosjekt om telling av hjort med drone

«Kan termiske dronar gje oss bestandsstruktur og tettleik for rådyr og hjort?». Eit prosjektet leia av NINA, med Norsk Hjortesenter og Fritzøe Skogar som partnerar.

Målet er å utvikle betre metodar for å kartleggje hjortebestanden, mellom anna tal dyr og fordeling mellom kolle, bukk og kalv. Utprøvinga skjer både på tamhjort med GPS og i område med vill hjort, der resultata blir samanlikna med data frå viltkamera. Prosjektet går over to år.

Alle dei tre kommunane har vedteke at dei skal delta i prosjektet der ein testar bruk av drone med varmesøkande kamera til å telje hjort. Det blir ein felles fagkveld med Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger.

Som del av prosjektet kan det bli gjennomført ei vårteljning med drone i eitt utvalt område i kvar av dei tre kommunane i 2027. Vi ønskjer difor å kome i kontakt med vald som over tid har gjennomført gode og systematiske vårteljningar, og som kan vere aktuelle for deltaking i prosjektet. Ta gjerne kontakt med kommunen dersom de meiner området dykkar kan vere ein aktuell kandidat.

Ein fantastisk matressurs

Viltkjøt er ein fantastisk matressurs. For å sikre trygg kvalitet må kjøt frå hjortevilt omsetjast i tråd med hygienereglane.

Jegerar kan selje heile eller grovparterte dyr (inntil 8 delar) til privatpersonar, og har ansvar for kjøtet. Meir oppdeling blir rekna som matproduksjon og utløyser fleire krav. Feltkontrollørkurs gir god kompetanse. [Meir informasjon finn du hos Mattilsynet.](#)

Partering av hjort

Under finn de ei videoserie frå Jakt- og fiskesenteret på Flå, som gjennomførte kurs i partering for oss i fjor. Videoane gir ei god innføring i korleis ein kan dele opp og handtere slaktet på ein effektiv og hygienisk måte, frå grovpartering til detaljert skjering av dei ulike stykningsdelane.

Del 1 – Grovpartering:

<https://youtu.be/ztY9e3xtvHw?si=HEFBYnQM3BH1uwjl>

Del 2 – Skjering av nakke, rygg og sider:

https://youtu.be/ubRiHz7-qCs?si=ulq9QVvHha_xqb9G

Del 3 – Skjering av bog:

<https://youtu.be/55M-orKOtEE?si=9e0mmeCqOihzOECB>

Del 4 – Skjering av lår:

<https://youtu.be/OzQP6v3lLxQ?si=0Dedly64c0F1kszt>

Skadefelling av hjort

Vi har fått nokre spørsmål om skadefelling av hjort og korleis slike saker blir vurderte. Skadefelling skil seg frå ordinær hjortejakt ved at formålet ikkje er bestandsforvaltning, men å førebyggje eller avgrense konkrete skadar på jordbruksareal, avlingar eller andre viktige interesser.

Det er ønskeleg at utfordringar knytt til beiteskadar i størst mogleg grad vert handterte gjennom den ordinære hjorteforvaltninga og jakta. I enkelte tilfelle oppstår det likevel akutte eller omfattande skadesituasjonar som krev raske tiltak for å avgrense skadeomfanget. I slike tilfelle kan skadefelling vere eit nødvendig verkemiddel.

Når kommunen behandlar søknader om skadefelling, må det gjerast ei konkret vurdering av skadesituasjonen, omfanget av skaden og kva tiltak som er nødvendige for å redusere skadane. Skadefelling er retta mot dyr som oppheld seg i skadeområdet og som bidreg til skadane, og kan derfor ikkje gjennomførast etter dei same prinsippa som den langsiktige bestandsforvaltninga gjennom ordinær jakt.


I den ordinære hjortejakta er målet å forvalte bestanden over tid gjennom ei ønskja samansetjing av kjønn og alder. Ved skadefelling må det i tillegg takast omsyn til den konkrete skadesituasjonen, dyrevelferd og kva dyr som faktisk oppheld seg i området når skadane oppstår. Lokale observasjonar av dyr i skadeområdet vil derfor vere ein viktig del av vurderingsgrunnlaget. Tidleg på sommaren kan det til dømes vere aktuelt å prioritere uttak av bukk framfor kolle dersom observasjonar i skadeområdet tilseier at dette er eit formålstenleg tiltak. Samstundes reduserer dette risikoen for å etterlate morlause kalvar, då mange koller går med kalv på denne tida av året.

I akutte skadesituasjonar vil det ofte ikkje vere mogleg å involvere jaktvaldet i vurderingane før vedtak vert fatta og tiltak sett i verk. Slike saker krev ofte rask handling for å avgrense skadeomfanget og dei økonomiske tapa for den skadelidne. Samstundes ønskjer landbrukskontoret å ha ein god dialog med valda i etterkant av slike saker for å vurdere moglege tiltak som kan redusere risikoen for nye skadesituasjonar. Det vil også bli arbeidd med førebyggjande tiltak saman med den enkelte skadelidne der dette er mogleg.


Skadefelling er dermed eit verkemiddel for å handtere akutte eller pågåande skadar, medan den langsiktige forvaltninga av hjortebestanden framleis skjer gjennom den ordinære hjortejakta og dei vedtekne bestandsplanane og strategiane.

Oppsummering etter jakta 2025 for vår region:


Bjørnafjorden



Samnanger



Tysnes



SKIT JAKT!

